



Legetilsyn:

Det er lege på huset tysdag, torsdag og fredag og har elles tilsyn etter behov. Ynskjer pårørande samtale med lege ta kontakt med sjukepleiar i avdelinga for å laga avtale. Samtale utanom desse dagane må evt avtalast med legekantoret.

Andre helsetenester:

Ved planlagde undersøkingar, tannlegebesøk eller liknande vert det sett stor pris på om pårørande kan fylgje om det er behov for dette.

Fysioterapeut og ergoterapeut:

Har trenings lokale i 1. etasje. Det er fysioterapeut og ergoterapeut som vurderer behovet for behandling. Viser til tenestemøtar på kommunens nettsider.

Brukar og pårørande råd:

Det er oppretta eit brukar og pårørande råd. Rådet skal vere ein brubyggjar mellom brukarar og dei tilsette og mellom pårørande og omsorgssenteret si leiing. Målet er å sikra medverknad som gjeld personleg og sosial trivnad for bebuar og pårørande ved omsorgssenteret. Det heng oppslag i avdelinga om kven som er i rådet og diverse informasjon frå møter og liknande. Ønskjer du informasjon frå rådet på epost eller ynskjer å vere med å hjelpe til på ulike arrangement kan du ta kontakt med administrasjonen som formidlar kontakt vidare

Pauseavvikling tilsette:

Personalet avvikler pause i kantina mellom klokka 11 og 12. Ta då kontakt med personell i avdelinga.

VIKTIGE TELEFONNUMMER:

Hovedtelefon administrasjon	53 75 81 40
AVDELING 1:	
Vaktrom 07-22	53 75 81 46
Avdelingsleiar	53 75 81 48
Fagsjukepleiar	960 92 831
AVDELING 2A	
Vaktrom 07 –22	53 75 81 61
Avdelingsleiar	53 75 8145
Fagsjukepleiar	960 92 831
AVDELING 2B	
Vaktrom 07-22	53 75 81 43
Avdelingsleiar	53 75 81 44
Fagsjukepleiar	960 92 841
Nattevakter	
	960 92 831
	960 92 841
Pleie og omsorgsleiar	53 75 81 42

Adresse:

Etne Omsorgssenter
Holmavegen 30
5590 Etne

Velkommen til Etne omsorgssenter



Etne omsorgssenter skal vera eit levande og aktivt omsorgssenter der pasientar, pårørande og tilsette vert møtt med :

- Respekt
- Godt Humør
- Tryggleik
- Høg kompetanse
- Verdigheit

Informasjon til pasient og pårørende

Etne omsorgssenter har 30 sjukeheimplassar fordelt på 3 avdelingar:

- Avd 1 : avdeling for personar med demens
- Avd 2A: langtidsavdeling somatisk
- Avd 2B: korttid og rehabiliteringsavdeling

Besøk:

Me har besøkstid heile dagen. Me ber om at ein ikkje nyttar avdelingsstova til besøk. Bruk pasientens sitt rom, kantina eller uteområdet. Opningstider er kvar dagar mellom kl 07:30 - 16:00. Utanom opningstidene må du ringe din avdeling på porttelefonen ved hoveddøra for å kome inn i bygget.

Møblement:

Pasientar med langtidsopphald møblerer rommet sitt sjølv.

Møblement må vere slik at ein kjem godt til for å utføre reinhald, det må vere plass til hjelpemidlar og det må ikkje vere til hinder for evakuering. Bruk bilethylle til bileter. Ved behov for å henge opp andre stader ta kontakt med personalet.

Korttidsromma har enkelt møblement.

Vask av privattøy:

Vask av privattøy vert utført ved langtidsopphald når klede er merka med namn, tåler maskinvask og ikkje fargar av. Kommunen erstattar ikkje tøy som forsvinn eller vert øydelagt i vask.

Pårørende har ansvar for merking av tøy og innkjøp av nye klede. Ta kontakt med avdelinga for å få råd om praktiske klede og undertøy.

Røyking:

Det er ikkje høve til å røyke inne på omsorgssenteret og ved hovedinngangen.

Kantine:

Det er kantine i 1. etasje. Her kan du få kjøpt deg ein kopp kaffi og noko å bite i. (Kantinedrift er ikkje star-

Hygiene artiklar:

Kommunen held elementære såper og kremar. Pasient/ pårørende må syte for det utstyr og toalettartiklar som han/ ho ynskjer å brukersom barbermaskin, barberskum, deodorant, tannkrem, kremar, leppepomade, parfyme og sminke.

Velvære:

Det er i 1 etasje utleige av lokaler til hud og fotpleie. (Frisør eller andre kan kome på sikt) Dette må pasientane betale sjølv.

TV/Internett aviser:

Det er tv på alle pasientrom.

Utan abonnement får ein berre inn NRK kanalane.

NRK lisens vert dekkja for langtids pasientar.

Dersom ein ynskjer fleire kanalar må ein ha Altibox .Då kan datapunktet bak TV nyttast.

Aviser og blader abonnerer pasienten på sjølv. Omsorgssenteret abonnerer på eit eksemplar av Grannar og eit av Haugesund Avis.

Verdisaker:

Det er ynskjeleg at pasienten har litt lomme pengar tilgjengeleg til frisør, fotpleie, turar og likande.

Det er høve til å låse inn lommebøker, ta kontakt med avdelinga.

Omsorgssenteret tek ikkje ansvar for verdisaker som vert oppbevart på rommet til pasienten.

Kontakt med pårørende:

For å kunne gi eit godt tilrettelagt tilbod til pasienten er det viktig med eit godt samarbeid med pårørende. Kvar pasient får oppnemnt ein primær—og sekundærkontakt. Ta gjerne kontakt med ein av desse om du har spørsmål eller innspel. Avdelingsleiar eller fagsjukepleiar kan også kontaktas om ein har behov for samtale.

Pasienten vel ein person som skal vere "næraste pårørende". Det er denne personen me tek kontakt med og som må formidle informasjon vidare til evt andre pårørende..

Velferdsteknologi

Etne omsorgssenter er eit moderne omsorgssenter som er godt tilrettelagt for bruk av velferdsteknologi.

Målet er at pasienten skal oppleve tryggleik , kunna bevege seg friare og oppleve gode tenester. Noko av teknologien er :

Alarmsmykke: Kvar pasient får tildelt eit armband med eit alarmsmykke. Ved å trykke på knappen får tilsette melding om at det er behov for hjelp, kven som tilkaller hjelp og kvar denne personen oppheld seg.

Sensorteknologi: Dersom pasient ikkje sjølv klarer å tilkalla hjelp kan ein etter individuelle behov nytte sensorar som tilkallar personalet om behov oppstår. Sensorar kan enkelt skrus av og på etter behov og kan varsle t.d ut av seng, ikkje tilbake i seng, ut av rom, ut av avdeling, fukt osv.

Roommate eller rom venn : Er eit infrarødt kamera som er plassert på alle rom. Dersom pasienten ynskjer det kan



nattevaktene sjå til pasienten på natta. Dei kan sjå eit anonymisert bilete av pasienten. Denne sensoren vil også tilkalle personalet om pasienten fell på golvet. Du kan lese om denne på nettsida:

<https://www.roommate.no>

Kva varslar som skal hentast skal kartleggast individuelt, informerast om og innhente samtykke til. Ein kan når som helst trekkje tilbake samtykket.

Takheis: Det er takheis på alle pasientrom. Denne vert nytta på pasientar som ikkje sjølv klarer å forflytte seg.